

<b>Saksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksbeh.</b>
001/12	Formannskapet	05.01.2012	BFL

**Sakshandsamer:** Berit Fløisand

**Arkivsaknr** 11/690

## **AVKLARINGAR I SAMBAND MED OPPFØLGING AV VEDTEKE BUDSJETT 2012**

### **RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

SAKA VERT LAGT FRAM TIL AVKLARING/AVGJERD

### **Saksframstilling:**

Vedtaksmynde:  
Formannskapet

Saksdokument:  
Vedlegg:

Ikkje vedlegg:  
Vedtak i kommunestyret 14.12.11 (sendt ut 30.12.11)  
Sak 82/11 i Fusa kommunestyre m/vedlegg

### **Faktiske opplysninger:**

### Avklaring i samband med oppfølging av vedteke budsjett for 2012:

Ansvar	Tekst	Kommunestyret sitt vedtak om endra ramme (vs. rådmannen sitt framlegg) i kr	Tiltak/forklaring
10	Folkevalde organ og revisjon	+517 000	Beløpet gjeld tilskot til Fusa ASVO, som etter dette vert finansiert over ordinært driftsbudsjett (tidlegare over næringsfondet). Nivået på tilskotet frå Fusa kommune til Fusa ASVO er uendra.
14	Byggjesak, oppmåling, brann	-250 000	Innsparinga er ikkje konsekvensvurdert. Konsekvensar må utgreiast til første kommunestyremøte.
18	Legetenesta	-300 000	Innsparinga er ikkje konsekvensvurdert. Konsekvensar må utgreiast til første kommunestyremøte. (Innsparinga kjem i tillegg til rådmannen sitt innsparingsframlegg for 2012 på kr 300 000, som galdt flytting av legekantor og helsestasjon frå Fusatun til Eikelandsosen og reforhandling av legeavtalane).
23	Nore Fusa oppvekstsenter	+ 716 000	Rådmannen sitt kuttframlegg som konsekvens av samling av 5.-7. trinn i Eikelandsosen vert reversert (kr 500 000). I tillegg er det tilført kr 216 000 til leasing av modulbygg frå hausten 2012.
24	Jettegryto barnehage	-100 000	Jettegryto opphøyrer å vera eiga eining og skal inngå i eit oppvekstsenter saman med Eikelandsosen skule. Innsparinga er ikkje konsekvensvurdert. Konsekvensar og prosess må utgreiast til første kommunestyremøte.
25	Eikelandsosen skule	-100 000	Eikelandsosen skule opphøyrer å vera eiga eining og skal inngå i eit oppvekstsenter saman med Jettegryto barnehage. Innsparinga er ikkje konsekvensvurdert. Konsekvensar og prosess må utgreiast til første kommunestyremøte.
33	Heimetenester	+100 000	Dagsenter for funksjonshemma (Kløvertun) vert styrka med kr 100 000 for å få utvida opningstid.
42	Teknisk drift	-426 000	Kommunestyret har gjort vedtak om at vassavgifta skal behaldast på 2011-nivå. Dette inneber eit inntekstap på kr 74 000. Samla nedskjæring vert difor kr 500 000. Innsparinga er ikkje konsekvensvurdert. Konsekvensar må utgreiast til første kommunestyremøte.
60	Landbruk	-250 000	Under handsaminga i formannskapet var denne innsparinga knytt til inntekstauke som konsekvens av at fleire kommunar sluttar seg til det felles landbrukskontoret. 250 000 i inntektsauke/innsparing for Fusa sin del inneber 581 000 for kontoret sett under eitt, sidan delen vår i samarbeidet utgjer 43 % av dei totale utgiftene/inntektene. Innsparinga er ikkje konsekvensvurdert. Konsekvensar må utgreiast til første kommunestyremøte.

## **Øvrige innsparingar (inntektsauke og kostnadskutt) og føringar for budsjettåret 2012 – i tillegg til det som kjem fram av tabellen framfor:**

- Det er, med nokre unntak jf. investeringsbudsjettet, investeringsstopp til 1.3.2012
- Det skal seljast kommunale eigedomar for 5 millionar kroner, som skal gå til nedbetaling av gjeld. Rådmannen kjem med sak på kva eigedomar som kan seljast
- Gamle lån vert nedbetalte med 4 %
- Det er innført tilsettingsstopp, der Formannskapet har fullmakt til å gje unntak
- Konklusjonane i skulebruksplanen og velferdsplanen skal handsamast politisk våren 2012
- Einingsleiarstrukturen skal vurderast i 2012
- Sak om delegasjonsreglementet skal til handsaming i løpet av 2012
- Sak om innretninga av eigedomsskatten skal til handsaming innan november 2012
- Kommunestyret skal få ei orientering om prosjektet Familiens hus
- Botnfrådraget i eigedomsskatten vert auka frå 20 % til 30 %

### **Nærare avklaring av vedtaket om tilsettingsstopp**

Fusa kommune er ein stor arbeidsgjevar og hadde i 2010 453 tilsette i 328,65 årsverk. I 2010 var i gjennomsnitt 21 årsverk til ei kvar tid vekke frå jobb pga. sjukdom. I ein normalsituasjon vert det så og seie dagleg inngått arbeidsavtaler knytt til korte eller lengre sjukefråver, ferieavvikling, permisjonar på grunn av svangerskap eller vidareutdanning, oppseiing av faste stillingar, og så vidare.

Det er mange utfordringar knytt til ein tilsettingsstopp:

- I enkelte høve er det ein statleg norm for tilsette vs. brukarar, t.d. pedagognormen i barnehagane
- Nokre tenester er kommunen gjennom lov pålagt å ha, som t.d. biblioteksteneste
- Nokre stillingar inngår i ein turnus, der full bemanning er ein føresetnad for å kunne gje brukarane eit forsvarleg tenestetilbod
- Nokre fagpersonar finst det berre ein eller svært få av i heile organisasjonen
- Nokre stillingar gjev inntekter eller er heilt sjølvfinansierande
- Dersom vi i staden for faste tilsettingar tilbyr mellombelse arbeidsavtaler, kan vi gå glipp av dei som er best kvalifiserte eller få rekrutteringsvanskar

### **Rådmannen gjer framlegg om at følgjande stillingar vert haldne utanom tilsettingsstoppen:**

1. Sjukevikarar som einingane ikkje greier seg utan for å oppretthalda forsvarleg drift
2. Svangerskapsvikarar i turnusstillingar
3. Vi tilbyr engasjement/vikariat i barnehage for å oppretthalda pedagognormen og minimums bemanningsnorm ut barnehageåret
4. Vi tilbyr engasjement/vikariat ut skuleåret ved vakansar blant pedagogar og assistentar i skulen.
5. Vi tilbyr naudsynte engasjement knytt til økonomiprojekt/IKT-prosjekt for å kunna innføra og ta i bruk ny programvare og samtidig oppretthalda drifta.

Når medarbeidarar seier opp faste stillingar, får rådmannen fullmakt til å tilsetja i engasjement i inntil 6 månader. Der det er rekrutteringsvanskar kjem rådmannen med sak til formannskapet med framlegg om faste tilsettingar.

Rådmannen kjem tilbake til neste formannskapsmøte med framlegg til handtering av utlysings- og tilsetjingsprosess i skule og barnehage frå hausten 2012.

Rådmannen kjem òg med konsekvensvurdering av alle innsparingstiltaka som ikkje har hatt slik vurdering til første kommunestyremøte.

### **Frå saksutgreiing sendt ut 30.12.11**

#### **Faktiske opplysninger:/Vurdering**

Viser til vedteke budsjett 14.12.11, sjå vedlegg.

Det er kalla inn til ekstra formannskapsmøte for å avklara forståinga av vedteke budsjett, bl.a. korleis skal ein handtera vedteken tilsettingsstopp.

Meir konkrete problemstillingar vil bli sendt ut så snart ein har ein betre oversikt, og seinast innan 4.januar.